



Radøy kommune v/rådmann
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon
Siren Rørgård Skjerven, 5764 3184

Fylkesmannen ber om informasjon om kvalifiseringsprogrammet

Fylkesmannen ber med dette om informasjon om kvalifiseringsprogrammet (KVP) frå kommunen.

Vi ber om tilbakemelding frå dykk om følgjande:

- Kva er årsaka til lågt tal KVP deltakarar i din kommune?
- Korleis sikrar de at alle som fyller vilkåra for KVP i din kommune, får tilbod om program?
- Er det noko Fylkesmannen kan bidra med for å sikre at alle som har rett til KVP i din kommune, får tilbod om det?

Svara kan sendast innan 31.mai 2019 til Fylkesmannen i Vestland sitt postmottak:
fmvlpost@fylkesmannen.no, og merkast sak 2019/1136.

Dette brevet blir sendt til dei kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane som har rapportert inn at dei har 50 % eller færre deltakarar i KVP i høve forventa tal deltakarar per månad og forvanta måltal over 2,0* , jf. statistikk frå Arbeids- og velferdsdirektoratet for 2018 og t.o.m. januar 2019.

Bakgrunn

Sosialtenestelova inngår i Nav og kommunen sitt samla velferdsansvar, og set rammene for dei kommunale tenestene Nav-kontoret skal utføre og medverke i. Det er eit mål at tenestene bidrar til å førebyggje og redusere fattigdom, fremme sosial inkludering og bidrar til å bygge eit sterkare sosialt sikkerhetsnett. KVP er eit viktig verkemiddel for at menneske som har behov for tett og individuell tilrettelegging kjem inn i arbeidslivet. KVP er ein rett for dei som fyller vilkåra. Det er kommunen i Nav som er ansvarleg for at alle som har rett til KVP i kommunen får det, og resten av Nav skal medverke. Deltaking i KVP gir rett til kvalifiseringsstønad, og dette gir mottakaren høve til å planleggje økonomien sin over tid. KVP er eit av regjeringa sitt viktigaste verkemiddel i kamp mot fattigdom.

Arbeids- og velferdsdirektoratet vil at kommunane i 2019 skal prioritere KVP, og sikre at Nav-kontoret vurderer KVP for sine brukarar og tilbyr program til alle som fyller vilkåra jf. kommunebrevet 2019, brev frå Arbeids- og velferdsdirektoratet til alle landets kommunar med tittel «Nasjonale mål og hovudprioriteringar for dei sosiale tenestene i Nav 2019» av 11. februar 2019.



Fylkesmannen har fleire oppgåver i høve KVP og skal mellom anna i dialog med kommunane vere merksam på at brukarar som fyller vilkåra for deltaking i KVP får tilbod om det, bidra til å sikre forankring av KVP hjå politisk og administrativ leiing i kommunane, gi råd og rettleiing om regelverket og føre tilsyn, jf. tildelingsbrev frå Arbeids og sosialdepartementet. Frå tilsyn har ein sett at ikkje alle i målgruppa blir vurdert for KVP, og på same tid ser ein vekst i tal langtidsmottakarar av økonomisk stønad.

KVP regelverket blei endra med verknad frå 1. januar i år, med mål om å gjere KVP meir fleksibelt og tilgjengeleg. Rapportering frå Nav-kontor viser at 49 prosent av KVP-deltakarane i landet får arbeid etter gjennomført program. Studiar viser også at mange opplever auka verdigheit og får eit betre liv gjennom deltaking i KVP, jf. kommunebrevet 2019.

Samling om KVP 23. mai 2019

Fylkesmannen skal ha dagssamling om KVP i Førde den 23. mai. Målet med samlinga er å bidra til auka bruk av KVP i Nav-kontor som har få deltakarar i KVP og/eller lita erfaring med KVP.

For meir informasjon om samlinga: <https://www.fylkesmannen.no/nb/vestland/kurs-og-konferansar/2019/05/dagssamling-om-kvalifiseringsprogrammet-23.-mai-2019/>. Påmeldingsfristen er 6. mai 2019.

Ta gjerne kontakt ved spørsmål.

Med venleg helsing

Øystein Breirem Jacobsen (e.f)
seksjonsleiar

Siren Rørgård Skjerven
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

* Forventa tal KVP-deltakarar per måned er basert på spesifikasjonen av KVP-overføring per kommune i Statsbudsjettets Grønt hefte fram t.o.m. 2012. Pga. endringar i befolkning og andre forhold sidan den gang må dei forventa tala sjåast som rettleiande (pluss/minus 20 %), jf. Arbeids- og velferdsdirektoratet. I tala er det lagt til grunn eit forventa måltal på 9.200 KVP deltakarar i landet. Kommunane blir finansiert med utgangspunkt i forventa måltal over rammetilskot. Arbeids- og velferdsdirektoratet meiner etter nyare studie at realistisk måltal er langt høgare, opp til 13.000 KVP deltakarar.

Måltala gir ein peikepinn. Fylkesmannen presiserer at KVP er ein rett for dei som fyller vilkåra, uavhengig av måltal.

Kopi til:

Nav Radøy Postboks 43 5931 MANGER